

Trinn 10 - Bustader med moglegheit for døgntenester

Samlokaliserte bustader med personalbase og fellesfunksjonar

Mål: Innbyggjarane i Hjelmeland med vedvarande og omfattande helse- og omsorgsbehov, som treng vedvarande og omfattande helse- og omsorgstenester grunna redusert helsetilstand og funksjonssvikt, får tilbod om bustader med moglegheit for døgntenester.

Hjelmeland kommune gir tilbod om denne buforma som

- Støttar opp under den enkelte si evne til meistring og sjølvstendigheit
- Stimulerar til god helse, sosialt fellesskap og livskvalitet
- Gir tilgjengelege og oppsøkande tenester der innbyggjaren bur
- Sikrar rett og spesialisert kompetanse ut frå funksjonsnivå og behov
- Mogleggjer ein sjølvstendig kvardag utanfor foreldreheimen for unge innbyggjarar med nedsett funksjonsevne når dei er klare for det
- Gir trygghet for framtida for foreldre til barn med funksjonsnedsettingar

